



Terje Askeland

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/1353 - 18/885

Saksbehandlar:

Katrine Bjordal Midttun

katrine.bjordal.midttun@radoy.kommune.no

Dato:

15.01.2018

Byggesak Gbnr 28/126 Kvalheim nedre - einebustad - søknad om ferdigattest - mellombels svar

Kommunen stadfestar å ha motteke din e-post datert 09.01.2018, der du spør kva som gjenstår for at kommunen kan skrive ferdigattest på gnr. 28, bnr. 126 Kvalheim.

Vedtak som er gjort i saka:

- Rammeløyve og igangsetjingsløyve for grunnarbeid 25.05.2012.
- Igangsetjingsløyve på vilkår datert 11.04.2013.

Løyve dattert 11.04 2013 er gitt på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at byggverket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.
4. Vatntilkopling må vere betalt.
5. Innmålingsdata må sendast kommunen.
6. **Det må søkjast om ansvarsrett for ansvarsområde membran/våtrom.**
7. **Det må søkjast om ansvarsrett for ansvarsområde pipe/eldstad.**

Vilkår 1 til og med vilkår 5 er oppfylt.

Kommunen kan ikkje sjå at det er søkt om ansvarsrettar for ansvarsområde membran/våtrom og ikkje for pipe/eldstad. Vilkår 6 og vilkår 7 er derfor ikkje oppfylt.

For at kommunen kan laga ferdigattest må det sendas inn søknad til kommunen om ansvarsrett for ansvarsområde membran/våtrom, og søknad om ansvarsrett for ansvarsområde pipe/eldstad.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Me gjer merksam på at bustadfeltet har mellombels bruksløyve for VVA-anlegg og at kommunen på grunnlag av dette berre skriv ut mellombels bruksløyve for bustadane i feltet.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Katrine Bjordal Midttun
jurist byggesak

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggråd - Byggmester Ivar Solheim Fleslandsvegen 235 A 5258 BLOMSTERDALEN

Mottakarar:

Terje Askeland